



Program for Time SV 2019-2023

Sosialistisk Venstreparti i Time går til val på miljø og rettferd. Me vil ha eit lokalsamfunn for dei mange - ikkje for dei få. Me bygger politikken vår på små forskjellar og sterke fellesskap, der alle er inkludert og me tar vare på kvarandre. Alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, etnisk opphav, seksuell orientering og økonomi.

Miljø

Time SV vil vera ein offensiv pådrivar for eit betre miljø. Me vil redusera klimagassutslepp og anna forureining og vil prioritera verksemd som tar vare på miljøet. Time SV vil at fleire skal gå, sykla eller reisa kollektivt til daglege gjeremål. For SV er løysninga å skapa eit betre transportalternativ enn privatbilen. Dobbeltspor mellom Sandnes og Egersund vil minska klimautslepp og gje avgangar kvart 15. minutt mellom Nærbø og Stavanger i rushtida. Time kommune treng trygge gangveggar, eigne sykkeltrasear, og eit godt utbygd og rimeleg kollektivtilbod. Budsjettet for drift og vedlikehald av gangveggar, sykkelveggar, buss må aukast kraftig.

Time SV vil prioritera natur- og friområde. Å nytta og nytta Times nydelege natur skal vera enkelt for alle.

SV vil:

- gå mot omregulering av friområde til utbygging
- stilla strenge miljø- og kvalitetskrav til all utbygging og rehabilitering
- satsa på alternative energikjelder til oppvarming
- jobba for dobbeltspor på heile Jærbanen
- jobba for fleire bussavgangar mellom Bryne, Lye, Kvernaland og Undheim
- ha som langsiktig mål å gjera buss og tog bortimot gratis
- gjera det lettare å bruka sykkel som transportmiddel
- at bilane som kommunen eig eller leiger skal vera elbilar
- at HjemJobbHjem-ordninga skal gjelda for dei som arbeider i Time

Gode lokalsamfunn

Gode lokalsamfunn er stader der menneske trivst. Det er lokalsamfunn der det er tilgang til gode offentlege tenester, gode arbeidsplassar, naturområde, gode bustader og møteplassar.

Varsam vekst gir ei meir berekraftig utvikling. Framfor ein rask og ukontrollert vekst, bør me ha ei planmessig utbygging. Det må vera samsvar mellom talet på bustader og tilgangen på offentlege tenester, som skule, barnehage og omsorgstenester. SV vil ha fleire og varierte arbeidsplassar i Time, slik at fleire av dei som bur her, også kan finna arbeid her.



Næringslivet i kommunen må koma inn i eit meir miljøvenleg og berekraftig spor. Me må over til eit lågutsleppssamfunn og vidare inn i nullutsleppssamfunnet.

SV vil:

- ha ei styrt utbygging på Bryne
- at utbygginga skal samsvara med tilgang til offentlege tenester
- satsa på å etablera arbeidsplassar i nærrområde
- ha ei langsiktig by- og arealplanlegging som legg stor vekt på miljøvennlige løysingar. Folk skal bu tett, men godt.
- at alle nye offentlege bygg skal vera lågutsleppsbygg

Oppvekst

Ein god barndom varer heile livet. SV vil ha gode og trygge barnehagar og skular, og eit barnevern som kan hjelpa barn og familiar i vanskelege situasjonar.

Me vil kjempa mot at barn veks opp i fattigdom. Fattigdom fører til isolasjon og utstøying. Mange fritidsaktivitetar kostar mykje å delta på, og fleire vel heller å slutta på aktivitetane framfor å be om redusert betaling. Derfor må aktivitetar og tenester vera billege eller gratis for alle. Gode, universelle velferdstenester er eit sikkerheitsnett for alle, og særleg viktige for familiar med låg inntekt.

SV vil:

- redusera eigenbetaling til kulturskule og idrettsaktivitetar
- at alle aktivitetar i skolens regi skal vera gratis
- at fritidsarenaer skal vera trygge og inkluderande for alle, uavhengig av foreldreøkonomien
- at helsestasjonen og skulehelsetenesta skal styrkast
- ikkje rekna barnetrygd som inntekt ved utrekning av sosialhjelp
- ha auka bemanning i barnevernet
- ha gode hjelpetenester for barn og familiar, som familiesenteret
- oppretta utekontakt

Barnehage

Barnehagen er ein viktig arena for sosialisering, språkutvikling, leik og læring. Gratis kjernetid i barnehagen vil gjera tilbodet tilgjengeleg for fleire.

Den storstilte barnehageutbygginga har sikra alle barn plass i barnehage. Framover er det viktig å fortsetta styrkinga av kvaliteten. SV ønskjer fleire pedagogar og fagarbeidarar i barnehagane, og kjøkken- og kontorstillingar som avlastar dei, slik at dei får brukt mest mogleg tid saman med barna.

SV vil at barnehagar først og fremst skal drivast av kommunen. Me går imot profittdrivne barnehagar, der delar av det offentlege tilskottet og foreldrebetalinga hamnar i lommene til eigarane.



Barnehagen skal vera ein viktig arena for å sikra integrering og språkleg og kulturell kompetanse og mangfald. Kommunen må vera aktiv for å gjera barnehagetilbodet betre kjent blant foreldre med minoritetsbakgrunn.

SV vil:

- auka talet på vaksne i alle barnehagar
- sikra rekruttering av barnehagelærarar, mellom anna gjennom stipendordningar og andre gode
- styrka dei tilsette sin kompetanse gjennom etter- og vidareutdanning
- auka rammene for bruk av tospråklege assistentar
- styrka tilbodet til barn med spesielle behov

Skule

SV vil arbeida for at alle ungar skal læra, lukkast og trivast på skulen. Det er viktig at alle ungar opplever meistring. Derfor treng me ein skule med nok ressursar, nok lærarar og kunnskap, framfor konkurranse og kutt.

I dag er øvingsarbeidet flytta frå skulen til heimen. Alle ungar skal få like god hjelp med skulearbeidet, og barn skal få meir fri når dei kjem heim. Heimelekser aukar forskjellane mellom dei som lukkast og dei som strever med skulearbeidet. Dersom ungane får hjelp på skulen minkar kunnskapsgapet mellom elevane.

SV vil ha ein meir variert skuledag: meir tid til praktiske og estetiske fag, meir fysisk aktivitet og sunn og gratis skulemat. Det vil gi betre læring, ein betre skuledag for elevane, ein betre arbeidsdag for lærarane, og ein betre kvardag for familiane. SV vil at alle skular etter kvart skal ha ei kantine med gratis mat og frukt.

Lærarane må få tillit og rom til å gjera jobben. Det betyr færre elevar for kvar lærar, og færre krav til dokumentasjon og byråkrati.

SV vil:

- gi lærarane tillit og handlingsrom
- sikra ressursar til å gjennomføra lærarnormen
- at øvingsarbeid skal flyttast frå heimen til skulen
- motverka all form for mobbing og trakassering i skulen
- styrka språkopplæringa av minoritetsspråklege barn
- styrka skulehelsetenesta og kommunens pedagogisk-psykologiske teneste (PPT)
- ha ein meir praktisk og variert skule
- ha kantine med gratis mat på alle skular
- at alle barn skal få gratis leirskule
- støtta samarbeid mellom skule, idrettslag, kulturskulen og andre barne- og ungdomslag i nærmiljøet
- ha trygge skuleveggar



- at norskopplæring for vaksne innvandrarar skal vera på nynorsk
- ikkje leggja ned eller slå saman skular

Skulefritidsordning (SFO)

SV vil arbeida for at SFO etter kvart skal bli ein del av skulen, og dermed gratis. På vegen dit vil me gjera SFO billegare, og heva kvaliteten i tilbodet. SFO skal vera ein stad der ungane kan gjera lekser, leika og knyta venskap.

SV vil:

- ha standardkrav til innhald og kvalitet i SFO
- styrka samarbeidet mellom SFO og kulturskulen
- oppretta gratis eller rimeleg feriekubb om sommaren for barn i grunnskulealder
- arbeida for å redusera prisane på SFO
- sikra at fleire tospråklege barn deltar i SFO
- at barn med nedsett funksjonsevne får eit utvida SFO-tilbod utover dei fire første åra

Bustad

Time SV vil ha ei styrt utbygging på Bryne, sikra gode bumiljø, verna matjord og ha ein sosial bustadpolitikk.

Dei høge bustadsprisane i Time, og særleg på Bryne, skuldast ikkje at me ikkje byggjer fort nok. Time er berre ein liten del av ein stor bustads- og arbeidsmarknad som går frå Stavanger til Hå. Løysinga på bustadmangelen finst derfor ikkje i Time, men i distriktet. Sandnes Øst har mykje plass, på lågproduktiv jord. Time SV, som Sandnes SV, går inn for bustadbygging i Sandnes Øst. Dette vil letta presset i marknaden meir enn ei rask utbygging i Time. Vidare utbygging i Time må skje planmessig og utan å ta av jordbruksjorda.

Noreg og Time manglar ein sosial bustadpolitikk. Marknaden rår. Dette er ein av grunnane til dei høge prisane for ein stad å bu. Dette rammar særleg dei med dårleg råd og dei i etableringsfasen. Det er viktig at Time eig ein del bustader som kan leigast ut til dei som ikkje kan kjøpa seg ein stad å bu.

Time SV vil busetja fleire flyktningar i kommunen. Dette er god integreringspolitikk, fordi flyktningane kan då koma i gang med utdanning og arbeid.

SV vil:

- verna matjord i arealplanar
- sikra gode bumiljø
- bygga utleigebustader for dei som ikkje kan kjøpa seg husvære
- auka talet på kommunale bustader gjennom nybygg og oppkjøp



- gjera det mogleg for dei med låg inntekt og dei i etableringsfasen å skaffa eigen stad å bu
- busetja fleire flyktningar i Time kommune

Helse og omsorg

Helse- og omsorgstenestene skal vera der for folk når me treng dei. For at tenestene skal vera gode, må dei tilsette ha gode vilkår, og dei som bruker tenestene må bli høyrte.

SV vil arbeida for å sikra innbyggjarane i kommunen eit best mogleg tenestetilbod gjennom offentleg finansiering og styring. Det må vera betre samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Bemanninga må vera tilstrekkeleg til å ivareta den enkelte pasienten eller brukaren.

Brukarmedverknad skal vera eit berande prinsipp i utviklinga av omsorgstenestene. Brukarane og dei pårørande sine erfaringar og kunnskap er viktige, i tillegg til den helsefaglege kunnskapen.

Kommunen skal leggja til rette for at dei eldre skal få leva aktive og gode liv. Eldreomsorga skal ha eit variert tilbod tilpassa ulike behov. Me vil leggja til rette for at folk skal kunne bu heime så lenge som mogleg.

Menneske med psykiske lidningar må få god oppfølging når dei blir utskrivne frå behandling i spesialisthelsetenesta.

Alle med rusproblem må få eit raskt tilbod om avrusing, behandling, oppfølging og rehabilitering. Samhandlinga mellom ulike tenesteområde må styrkast. Menneske med rusproblem må få ein tett og individuelt tilpassa oppfølging. SV meiner at tilbodet også må innehalda satsing på medikamentfrie tilbod, legemiddelassistert rehabilitering og tilrettelagt bustad.

Helsestasjonane er viktige for å gje familiar tryggleik og støtte dei første leveåra til barnet. Dei er ein møtestad for foreldre med små barn og det er viktig at dei tilsette har god tid til å snakka med dei. Samtidig er helsestasjonane ein viktig instans for førebygging og avdekking av vald og overgrep mot barn. Me skal derfor sørga for at helsestasjonen har nok ressursar og kunnskap til dette arbeidet.

Foreldre med barn med alvorlege sjukdommar eller nedsett funksjonsevne skal sleppa å slåst mot systemet. Me ønskjer betre koordinert helsetilbod til desse foreldra og barna deira.

SV vil:

- gje meir tid og tillit til dei tilsette i helse- og omsorgstenestene
- styrka dei tilsette sin kompetanse gjennom etter- og vidareutdanning
- sørga for at det finst dagsenter og andre treffstader for eldre i lokalmiljøet
- at faglege vurderingar, og ikkje ønske om innsparing, skal vera avgjerande ved tildeling av heimetenester
- sikra at bebuarane sine ulike kulturbakgrunnar blir ivaretatt i institusjonen
- arbeida med førebyggjande rusomsorg og styrka ettervernet. Ein stad å bu og stabilitet i livet er avgjerande for å lykkast med behandling.



- styrka helsestasjonane og jordmortenesta i kommunen
- jobba for eit betre koordinert helsetilbod til foreldre med barn med alvorlege sjukdommar eller nedsett funksjonsevne

Kultur og idrett

Kunst og kultur gjer samfunnet rikare på opplevingar og gjer at me kan utvikla dei skapande evnene våre. Kunst og kultur har ein eigenverdi, men også store positive ringverknader.

SV er særleg opptatt av barn og unge sin rett til å oppleva og utøva kultur. Målet vårt er at alle barn som ønskjer det, skal få plass i Time kulturskule, og at kulturskulen skal vera mangfaldig, rimeleg og halda høgt fagleg nivå. SV vil styrka samarbeidet mellom skulen, kulturskulen og andre kulturaktørar.

Me er glade for at det er kome ein ny og flott kino på Bryne. Storstova på Jæren må nå fyllast av lokal og nasjonal kunst og kultur. Korps, teatergrupper og andre kulturaktørar har lenge trunge ein stad der dei kan samlast og bruka til konsertar og teaterframsyningar. For å få det til må Storstova rustast opp til å bli den viktigaste kulturscena på Jæren.

Kulturaktørar og andre frivillige organisasjonar må få betre rammevilkår. Lokale aktørar må for eksempel kunna søka om støtte til leige av lokale. Nå er det mange som ønskjer, men ikkje har råd til å leiga Storstova. Tilskotet til aktørane må aukast.

Time SV vil verna om kulturarven vår, som fortidsminne, jærhusa og arkitektoniske perler.

Idretten er helsebringande og ein viktig sosial arena for både vaksne og barn. Det er viktig at ingen blir utelukka frå å delta på grunn av kontingenten. Denne må settast ned, og tilskot frå kommunen må øyremerkast breiddeidretten.

Det er nødvendig med ein ny symjehall og ein ny idrettshall på Bryne. Bryne treng og ein ny utandørs idrettsplass. Desse må byggast og driftast av kommunen.

Time bibliotek er ein verdifull møtestad for heile kommunen, med mange spennande aktivitetar for både barn og unge, vaksne og eldre. Dette ønskjer me å styrka. Time SV ønskjer også at biblioteka kan låna ut verktøy, skøyter, skiutstyr, iPadar og liknande. Samtidig vil me også vurderer om det skal vera filialar på Lye og Kverneland.

SV vil:

- byggja ein ny symjehall og idrettshall på Bryne så fort som mogleg
- ha lågare prisar i kulturskulen
- at kulturskulen i Time skal få betre lokale
- verna om arkitekturperlene i kommunen
- verna om kulturminne og sørga for at dei er godt skilta og tilgjengelege for alle
- jobba for at Storstova blir eit felles kulturhus for alle dei kulturelle aktørane i kommunen.



- styrka Time som nynorskkommune
- styrka Time bibliotek og vurderer å opna bibliotekfilialar på Lye og Kvernaland

Arbeidsliv

Time kommune skal vera ein god arbeidsgjevar som har tillit til sine tilsette.

SV vil at Time kommune utfører flest mogleg av tenestene i eigen regi, stundom i godt samarbeid med frivillige. Me vil ha mindre bruk av innleidde vikarar. Me vil få ned sjukefråvær først og fremst ved å arbeida for å forbetre arbeidsdagen til den enkelte. Ved å utføra tenestene i eigen regi, vil me unngå at stadig meir av ressursane går med til anbudsarbeid og kontrolloppgåver. Den beste velferda skapast av trygge og kompetente tilsette som har ein god arbeidskvardag. Time kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar som sikrar gode velferdstenester.

SV ønskjer å gjennomføra ein tillitsreform i kommunen. Me vil kjempa for meir tillit til fagfolk og mindre bruk av tidskrevjande byråkratiske kontrollrutinar. Me vil fjerna unødvendig rapportering og måling, og gje tilsette meir rom for å gjera ein god jobb.

SV vil ha ei prøveordning med 6-timars arbeidsdag. Dette har vist seg å vera svært vellykka der det har blitt forsøkt. Produktiviteten har auka, og det blir enklare å kombinera heiltidsstilling med familie og fritidsinteresser.

Svart arbeid og sosial dumping er skadeleg for samfunnet. Bedrifter som juksar kan vinna kontraktar og utkonkurrera dei gode bedriftene. Då taper me alle. Time må gå i spissen ved å få dokumentert at alle som utfører tenester for kommunen gjer det på rett vis.

SV vil:

- auka grunnbemanninga i omsorgssektoren, og ha fleire faste og heile stillingar
- at heiltidsstilling skal vera ein rett, og skapa ein heiltidskultur i samarbeid med dei tillitsvalde i kommunen
- ha forsøk med sekstimars arbeidsdag med full lønnskompensasjon
- redusera bruken av mellombelse stillingar og vikarar til eit minimum
- samarbeida med fagrørsla om tiltak for å auka kompetansen og bidra til etterutdanning av kommunalt tilsette
- arbeida for fleire lærlingplassar i Time
- at Time kommune skal vera ein god arbeidsgjevar som har tillit til dei tilsette
- kjempa mot alle former for svart arbeid og sosial dumping
- ha ein god personal- og seniorpolitikk for dei tilsette i Time kommune



Næring og landbruk

Velferdsstaten er ein viktig grunn til at det går godt med norsk næringsliv. Han sørgjer for at me har arbeidsfolk med kompetanse, at fleire kan delta i yrkeslivet og at me har eit tryggingnett som gjer at folk tør å satsa. SV vil bidra til at fleire vil starta bedrifter.

Time SV vil ha eit levedyktig landbruk. Berre 3% av norsk landjord er dyrka mark. Time er ein av dei viktigaste jordbrukskommunane i Noreg, og me har eit stort ansvar. Bonden må oppleve gode og føreseielege rammer. Det skal vera attraktivt å vera bonde. Me treng trygge og gode råvarer frå det lokale landbruket.

SV vil støtta forskning og forsøk som kan bidra til grøn næringsutvikling. Det er avgjerande at me skaper arbeidsplassar i Time i fornybare bransjar. Oljetida tar slutt ein dag og me må begynna å omstilla oss no. Time SV vil støtta opp om lokale initiativtakarar for eit grønnare næringsliv. Time skal alltid ha ledige tomter for nye bedrifter både på Bryne så vel som på andre tettstader i kommunen.

SV vil:

- støtta overgangen til grønne arbeidsplassar
- arbeida for eit sterkt jordvern
- at landbruket må få gode og føreseielege vilkår
- leggja til rette for at næringslivet tar inn fleire lærlingar
- alltid ha ledige tomter for nye bedrifter
- at kommunen sin innkjøpspolitikk favoriserer norske (mat)varer, gjerne lokalt produserte

Eit sterkare fellesskap

Time SV ønskjer at dei som har mest også skal bidra mest til fellesskapet. Staten bestemmer det meste om kommunen sine inntekter, og den borgarlege regjeringa svekkar kommuneøkonomien. For å oppretthalda og styrka velferdstenestene i Time, må me sørga for eigne inntekter. Derfor vil SV innføra eigedomsskatt, slik 85 prosent av kommunane i Noreg har. Eigedomsskatt vil også vera med på å dempa veksten i bustadprisar og gjera det lettare for unge å koma inn på bustadmarknaden. Med eit høgt botnfrådrag vil dei mindre og rimelige bustadane bli skjerma. Time SV vil heller ha ein slik gradert skatt enn flate og usosiale skattar som for eksempel bompengar.

Kommunen skal gje gode velferdstenester og ingen skal kunna tena seg rike på offentlege tenester. SV er imot profitt på velferd. Fellesskapets pengar skal gå til fellesskapets oppgåver. Derfor ønskjer me at kommunen skal ta meir ansvar, og driva dei offentlege tenestene sjølv, framfor å setta dei ut til private aktørar.

SV vil

- at kommunen skal driva renovasjon og andre offentlege tenester sjølv
- ha kommunale kjøkken som produserer mat for barnehagar, skular og omsorgsinstitusjonar
- styrka kommuneøkonomien gjennom eigedomsskatt, heller enn å kutta i viktige offentlege tenester